

# Notat

Dato: 14.01.2019  
Ref: 2018/2204 - 962/2019 / 614

Til:  
Kommunestyret

## BASSENGA I STORD KOMMUNE - OVERSYN OG VURDERING

### Bakgrunn

I samband med utarbeiding av forprosjektet for nye Nysæter ungdomsskule med fleirbrukshall kom det fram at det var trong for omfattande rehabilitering, evt. nybygg, av eksisterande symjebasseng. Rehabiliteringskostnadene vart estimert til omlag 20 millionar kroner medan nybygg av basseng vart estimert til omlag 30 millionar kroner.

Denne situasjonen aktualiserte å få utarbeidd ein tilstandsrapport for bassenget i Kulturhuset som er 40 år gammalt. Dersom dette bassenget har tilsvarende trong for rehabilitering som bassenget på Nysæter, ønska rådmannen å gjere ei vurdering av om det bør byggjast eit nytt sentralanlegg i kommunen i staden for å ha bassenga spreidd rundt i kommunen. Sentrale spørsmål er:

- Er modellen med tre basseng i kommunen føremålstenleg?
- Bør ein samle dei kommunale bassenga i eitt bygg?

Rådmannen legg særleg vekt på økonomi kring bassengdrift (investerings- og driftskostnader) samt driftskostnader på andre tenesteområde. Rådmannen si vurdering vert lagt fram i notats form som vedlegg i saka om utbygging av Nysæter ungdomsskule (komité for oppvekst og utdanning og vidare til kommunestyret), og som referatsak til komité for næring, miljø og kultur. Dette vert gjort fordi rådmannen meiner ein klart kan konkludere med at det ikkje er grunnlag for å setje i gang eit større utgreiingsarbeid i form av eit forstudium i saka.

### Saksopplysningar

#### Oversyn over dei ulike bassenga i kommunen

Stord kommune eig og driftar tre ulike basseng i kommunen:

- Bassenget ved Nysæter ungdomsskule (12,5m x 8,5m)
- Bassenget i Rehabsenteret (12,5m x 10m)
- Bassenget i kulturhuset (hovudbasseng 25m x 12,5m med stupetårn og rutsjebane og barnebasseng 7m x 3,8m)

#### Bruk av dei ulike bassenga i kommunen

Det er ulike brukarar av bassenga i kommunen. Solid og Stord symjeklubbar bruker bassenga på fylgjande måte:

- Stord Kulturhus 25 m basseng – Trening for svømmere fra ca 10 år og oppover i ungdomsalder.
- Stord Kulturhus – «littla bassenget» - Opplæring for dei minste
- Nysæter Basseng 12,5m basseng – Symjeskule fra 5 år og oppover.

*Rehabsenteret:* Bassenget ved rehabsenteret har nær fullt belegg gjennom heile veka frå morgon til kveld. Bassenget vert nytta til offentleg bading, det er utleigd til ulike lag og

organisasjonar (revmatikarlaget, LHL, Stord babysvømming) og det er samarbeid med Norsk folkehjelp som tilbyr vasstilvenning/ symjekurs for kvinner med minoritetsbakgrunn. Rehasenteret har 213 brukarar av bassenget i avsett tid til terapibehandling. Etterspurnaden er aukande. Fysioterapeutar og frisklivssentralen har utover dette også gruppetreningar i bassenget. Aktivitet og trening i varmt vatn har store fysiske og psykiske fordeler både for å førebyggje skader og å gi terapi. Bassenget vert også nytta av skular.

*Kulturhuset:* Bassenget i kulturhuset har også nær fullt belegg. Bassenget vert nytta av Stord vidaregåande skule og Høgskulen på Vestlandet (HVL) i tillegg til at våre eigne skular nyttar bassenget. I tillegg til offentleg bading er bassenget nytta av symjeklubbane og leigt ut til andre organisasjonar.

*Nysæter:* I tillegg til at bassenget vert nytta av kommunen sine eigne skular, leiger Solid IL bassenget i tillegg til andre lag og organisasjonar.

#### *Skulane i Stord kommune:*

Skulane i Stord kommune fordeler seg slik når det gjeld kva for basseng som vert nytta i symjeundervisninga:

- Litlabø skule: Nysæter
- Sagvåg skule: Nysæter
- Tjødnalio skule: Nysæter
- Hystad skule: Nysæter og Kulturhuset
- Leirvik skule: Kulturhuset og rehasenteret
- Rommetveit skule: Nysæter og kulturhuset
- Langeland skule: Nysæter og Kulturhuset
- Nysæter ungdomsskule: Nysæter
- Nordbygdo ungdomsskule: Kulturhuset
- Stord ungdomsskule: Kulturhuset (rehab.senteret ver særskilte behov)
- Stord vaksenopplæring: rehasenteret (rehasenteret ved særskilte behov)

Felles for skulane si tilbakemelding er at dei meiner elevane generelt får for lite symjeundervisning i Stordskulen.

*Konklusjon:* Bruken avdekkar at dagens løysing med 3 basseng til bruk for lovpålagt symjeopplæring, er eit minimum. Det er også auka etterspurnad etter terapitimar i varmvassbassenget i rehasenteret.

#### Tilstand på bassenga (investeringsbehov)

*Nysæter:* Tilstanden på bassenget ved Nysæter ungdomsskule er gjort greie for i forprosjektet til nye Nysæter ungdomsskule inkl. fleirbrukshall. Her er det kalkulert at rehabilitering vil kome på omlag 20 millionar kroner, medan nybygg er estimert til omlag 30 millionar kroner.

*Rehasenteret:* Bassenget vart teke i bruk i 1999 og er godt vedlikehalde. Det er ikkje avdekka særskilt behov for rehabilitering på noverande tidspunkt.

*Kulturhuset:* Bassenget og kulturhuset var 40 år gammalt i 2018. På oppdrag frå Stord kommune har Norconsult gjort ei tilstandsvurdering av bassenget i kulturhuset. Konklusjonen til Norconsult er fylgjande: «På et kort tidsperspektiv og etter tidlige standard vurderes tilstand på bygget som bra. Dersom en ser i et lengre tidsperspektiv på 10 år frem i tid, vil det være behov for omfattende rehabiliteringstiltak.» Desse kostnadene summerer seg til omlag 27 millionar kroner. Ny teknisk forskrift (TEK17) er lagt til grunn for kalkulasjon av rehabiliteringa, og kostnadene fordeler seg slik:

| Rev. nr.: 1                        |  | Kartlagt dato: 08-11-2018   |           | Vurderingsperspektiv: Ihht. TEK 17 |            | 1978 / Rehab 2005-2006 |                  | Ant. Etasjer: 3  |                      |
|------------------------------------|--|---|-----------|------------------------------------|------------|------------------------|------------------|------------------|----------------------|
| Objektnr: SVØMMEHALL<br>SVØMMEHALL | Kostnad-<br>type                         | KALKYLER - PERIODISERING - NÅVERDI. Se<br>detaljregistrering om anbefalinger av tiltaksår |           |                                    |            | TOTALT                 | Snittverdi<br>TG | Snittverdi<br>KT | Snittverdi<br>risiko |
|                                    |  | Strakstiltak < 1 år   | 1 - 5 år  | 6-10 år                            |            |                        |                  |                  |                      |
| 2                                  | Bygning                                  | V   | 150 000   | 0                                  | 6 212 000  | 6 362 000              | 1,6              | 7,4              | 2,18                 |
|                                    |  | U   | 0         | 0                                  | 2 798 000  | 2 798 000              |                  |                  |                      |
| 3                                  | VVS                                      | V   | 985 900   | 150 000                            | 2 200 000  | 3 335 900              | 1,6              | 6,1              | 3,32                 |
|                                    |  | U   | 429 100   | 0                                  | 150 000    | 579 100                |                  |                  |                      |
| 4                                  | Elkraft                                  | V   | 295 000   | 630 000                            | 0          | 925 000                | 1,5              | 4,4              | 3,25                 |
|                                    |  | U   | 50 000    | 100 000                            | 0          | 150 000                |                  |                  |                      |
| 5                                  | Tele og automatisering                   | V   | 0         | 25 000                             | 0          | 25 000                 | 0,5              | 6,5              | 3,00                 |
|                                    |  | U   | 0         | 25 000                             | 0          | 25 000                 |                  |                  |                      |
| 6                                  | Andre installasjoner                     | V   | 0         | 0                                  | 0          | 0                      | 0,0              | 0,0              | 0,00                 |
|                                    |  | U   | 0         | 0                                  | 0          | 0                      |                  |                  |                      |
| 9                                  | Dokumentasjon - rapporter - HMS          | V   | 50 000    | 0                                  | 0          | 50 000                 | 3,0              | 1,0              | 6,00                 |
|                                    |  | U   | 0         | 0                                  | 0          | 0                      |                  |                  |                      |
|                                    | Total vedlikeholdskostnad eks. mva (2-9) | V   | 1 480 900 | 805 000                            | 8 412 000  | 10 697 900             |                  |                  |                      |
|                                    | Total utviklingskostnad eks. mva (2-9)   | U   | 479 100   | 125 000                            | 2 948 000  | 3 552 100              |                  |                  |                      |
|                                    | Sum eks.mva                              | V+U   | 1 960 000 | 930 000                            | 11 360 000 | 14 250 000             |                  |                  |                      |
|                                    | Marginer og reserver                     | 20 %  | 392 000   | 186 000                            | 2 272 000  | 2 850 000              |                  |                  |                      |
|                                    | Rigg, drift, adm, prosj, PL, BL          | 25 %  | 588 000   | 279 000                            | 3 408 000  | 4 275 000              |                  |                  |                      |
|                                    | MVA                                      | 25 %  | 735 000   | 348 750                            | 4 260 000  | 5 343 750              |                  |                  |                      |
|                                    | TOTALT ESTIMAT AVRUNDET                  |   | 3 680 000 | 1 740 000                          | 21 300 000 | 26 720 000             | 1,9              | 3,5              | 2,42                 |

Konklusjon: Stord kommune har i løpet av komande 10-årsperiode behov for å investere totalt 47 millioner kroner i rehabilitering av bassenga på Nysæter og i Kulturhuset, evt. kr. 57 millioner kroner ved nybygg på Nysæter.

#### Driftskostnader

Dei ulike bassenga viser fylgjande driftskostnader (tal for 2016, 2017 og 2018 per 15.

au)

| Basseng Kulturhus  | 2016                 | 2017                 | 2018 (pr 15.8.2018) |
|--|----------------------|----------------------|---------------------|
| Driftsinntekter (billetinntekter, leigeinntekter, refusjonar m.m.) | 1 124 942,45         | 1 287 427,00         | 456 645,00          |
| Driftsutgifter (inkl lønsutgifter)                                 | 2 143 258,23         | 2 525 701,34         | 1 157 272,51        |
| <b>Driftsresultat</b>  | <b>-1 018 315,78</b> | <b>-1 238 274,34</b> | <b>-700 627,51</b>  |
| * tal inkl mva   |                      |                      |                     |

| Basseng Rehabiliteringssenter                                      | 2016               | 2017               | 2018 (pr 15.8.2018) |
|--|--------------------|--------------------|---------------------|
| Driftsinntekter (billetinntekter, leigeinntekter, refusjonar m.m.) | 657 900,00         | 662 637,00         | 350 666,12          |
| Driftsutgifter (inkl lønsutgifter)                                 | 1 146 160,03       | 1 122 486,23       | 687 127,64          |
| <b>Driftsresultat</b>  | <b>-488 260,03</b> | <b>-459 849,23</b> | <b>-336 461,52</b>  |
| * tal inkl mva   |                    |                    |                     |

| Basseng Nysæter ungdomsskule  | 2016               | 2017               | 2018 (pr 15.8.2018) |
|---|--------------------|--------------------|---------------------|
| Driftsinntekter (billetinntekter, leigeinntekter, refusjonar m.m.)  | 0,00               | 0,00               | 0,00                |
| Driftsutgifter (ført i SKE) **  | 352 227,70         | 366 401,53         | 247 943,14          |
| <b>Driftsresultat</b>   | <b>-352 227,70</b> | <b>-366 401,53</b> | <b>-247 943,14</b>  |
| * tal inkl mva  |                    |                    |                     |
| ** utgifter til drift av bassenget er ikkje splitta i skulen sin reknaskap og er dermed ikkje med i oversikten (straum, m.m.) |                    |                    |                     |

(Kommentar: driftsinntektene på rehabsenteret er i oppsettet noko høge som fylgje av ei internfakturering som er i ferd med å bli avvikla).

*Konklusjon: samla årleg driftskostnad på bassenga i kommunen er omlag kr. 1,75 millionar kroner (gjennomsnitt for 2016 og 2017)*

### Investeringskostnader ved nybygg

Gjennomgangen viser at dersom Kommunen skal erstatte dagens tre basseng med eitt nytt sentralanlegg, må dette innhalde minimum eitt 25m basseng og to basseng á 12,5m.

Symjeforbundet definerer eit *standardanlegg* slik: «Et hovedbasseng på 25mx15,5m (seks baner) og et opplæringsbasseng på 12,5mx8,5m (9,5 m inkl rullestolrampe) med hev- og senkbar bunn, med garderober ( gjerne to sett) og tribune plass til 200 eller flere. Et slikt anlegg kan fylles med god aktivitet gjennom hele dagen med et befolkningsgrunnlag på ca 10 000 mennesker (reisetid 15-25 minutter).» For Stord kommune med ca. 18000 innbyggjarar seier symjeforbundet følgjane: «Kommunen bør helt klart ha et standardanlegg, med 25m + 12,5m, men bør kanskje vurdere å øke bredden på enten opplæringsbassenget eller hovedbassenget. Hvis dere skal videreføre stup i et nytt anlegg, vil jeg på det sterkeste tilråde enten eget stubbasseng eller et åtte baners hovedbasseng. Med stup i et vanlig 25m kan du enten svømme eller stupe. Det er gjerne bare plass til én, maks to, baner med svømming hvis stupebrettene er i bruk.»

Når det gjeld investeringskostnader kalkulerer symjeforbundet eit standardanlegg til å koste omlag 100-110 millionar kroner.

Austevoll kommune har nyleg bygd Austevollbadet. Endeleg sluttpris er ikkje klar, men anslaget viser nær 71 millionar kroner for konkurransebassenget og 13 millionar for opplæringsbassenget.

Norges Svømmeforbund meiner at «sentralisering er uunngåelig, fordi tiden har gått fra enkeltstående småbasseng. Det er helt utdatert å bygge en 12,5m for seg, hvis det ikke er på hotell eller en helseinstitusjon. Ingen kommuner har råd til å erstatte hvert lille basseng med 25m, dermed blir «skolebassengene» lagt ned og erstattet med ett større anlegg i stedet for 2-4 mindre.»

### **Vurdering**

Planlagt investering i nytt basseng på Nysæter, samt rehabilitering av bassenget i kulturhuset over ein 10-års-periode, vil krevje ei investering på totalt 57 millionar kroner. Dette innber årlege kapitalkostnader på omlag kr. 3,42 millionar.

Vi har ikkje fått kostnadsrekna kva eit nytt sentralanlegg i Stord kommune vil koste dersom ein byggjer eitt nytt anlegg til erstatning for dagens 3 basseng. Eit standardanlegg vert stipulert til 100-110 millionar kroner av Norges svømmeforbund. Stord kommune har behov for eit større anlegg enn dette; det kan gjerast anten ved å auke breidda på bassenga, eller å byggje 2 stk 25m basseng, eller ein kombinasjon av dette. Årlege kapitalkostnader på 110 millionar kroner (standardanlegg) utgjer ca. 6,6 millionar kroner.

Dersom ein byggjer 2 stk 25m basseng men aukar breidda på det eine til 8 banar (21m), vil dette, ut frå ein kostnadsfaktor på 210000 kr/kvm<sup>1</sup>, gi ein pris på 181 millionar kr. Dette utgjer årlege kapitalkostnader på kr. 10,8 millionar. (<sup>1</sup> kostnadsfaktor oppgitt av Norges Svømmeforbund)

Rådmannen har ikkje kalkulert kva eit nytt sentralanlegg vil få av driftskostnader samanlikna med dagens 3-bassengstruktur. Det er forventa at driftskostnadene vil bli redusert.

Når det gjeld driftsinntekter, er det sannsynleg at eit større sentralanlegg sentralt plassert i byregionsenteret vil vere eit trekkplaster for heile Sunnhordlandsregionen, og at ein kan auke driftsinntektene samanlikna med dagens inntekter i dei tre bassenga. Rådmannen meiner likevel at det vanskeleg kan forsvare den auka årlege driftsutgifta som fylgje av auka kapitalutgifter.

Rådmannen vil likevel leggje til at svømmeundervisning er ei lovpålagt oppgåve for Stord kommune. Som kystkommune bør ein leggje til rette for god svømmeundervisning i skulen, og ha gode tilbod gjennom offentleg bading. Samanlikna med andre idrettsanlegg som vert utgreidd av kommunen, t.d. ishall, meiner rådmannen at å byggje svømmeanlegg er viktigare i eit samfunnsperspektiv, både når det gjeld symjeferdighetene sin betydning for livredding, og i eit byutviklingsperspektiv.

Ved bygging av eit nytt sentralanlegg, vil areala knytt til bassenget i kulturhuset måtte byggjast om til anna drift. Uansett vil det måtte påreknast ombyggingskostnader også her. Desse er ikkje estimert.

Dersom ein skulle ynskje å gå vidare med eit forstudium, bør ein utsetje utbyggingsvedtaket som inkluderer basseng på nye Nysæter ungdomsskule.

### **Konklusjon:**

Rådmannen meiner kostnadene ved bygging av nytt sentralbad i kommunen er altfor høge i noverande økonomiske situasjon for Stord kommune. Det vert ikkje tilrådd å gå vidare med prosjektet i eit forstudium. Rehabilitering/ nybygg av basseng på Nysæter må då inkluderast i byggeplanane for nye Nysæter ungdomsskule.

Med helsing

Magnus Mjør  
Rådmann

Lovise Vestbøstad  
kommunalsjef

Vedlegg: e-post frå Norges svømmeforbund